



Ing. Asbjørn Danielsen AS
Fabrikkgaten 5
5059 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2922 - 15/31618

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

07.10.2015

Igangsetjingsløyve - gbnr 137/201 Alver .

Administrativt vedtak. Saknr: 446/15

Tiltakshavar: Elisabeth og Henning Knutsen
Ansvarleg søkjar: Ing. Asbjørn Danielsen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Kommunen gav i vedtak datert 09.10.2014 rammeløyve for etablering av leilighet i underetasjen på eksisterande bustad på gbnr 137/201. Det vart sett vilkår for igangsetjing av tiltaket. Vilkåra gjeld tilfredsstillande uteopphaldsareal, utvida avkjøringsløyve til kommunal veg og privaretslege til høve. Det vert elles vist til søknad mottatt 17.09.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.09.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Vilkåra i rammeløyve er no stetta og igangsetjingsløyve for tiltaket kan gjevast.

Avkjørsle

Tekniske drift har gjeve poitiv uttale i saka, jf skriv datert 27.08.2014.

Det vert gitt utvida avkjøringsløyve til kommunal veg på standard vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørslar fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



avkjørsler frå offentleg veg, §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal N100 (tidlegare handbok 017).

Uteopphaldsareal

Administrasjonen viser til kart og arealrekneskap som er vedlagt søknaden og legg til grunn at krava til kvalitet og storleik på uteopphaldsarealet er tilfredsstillande.

Privatrettslege tilhøve.

Det ligg føre avtale om å knyta ekstra bueining til privat kloakkleidning, jf avtale datert 15.11.2014.

Det ligg føre avtale om vegrett for ekstra bueining, jf avtale datert 20.10.2014.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Par AS**, org.nr. 989637770, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde **kontroll (KTR) av våtrom og lufttettleik**.

Føretaket har erklært å vere juridisk og økonomisk uavhengig det føretaket som utførar arbeidet.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova 20-3 vert det gjeve igangsettingsløyve for tiltak godkjend i rammeløyve datert 09.10.2014.

Det vert gitt utvida avkjøringsløyve til kommunal veg på standard vilkår:

Avkjørsla skal vere opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsler fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg, §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal N100 (tidlegare handbok 017).

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAROMRÅDE
KTR	Par AS	989637770	S	1	Kontroll av våtrom og lufttettleik

***S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning**

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2922

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt handsaming – igangsetjingsløyve	1	Kr 2 900,-

10.2.9a	Godkjenning av ansvarsrett der føretaket har sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 3 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnngjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Elisabeth og Henning Knutsen Stølen 37 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Ing. Asbjørn Danielsen AS Fabrikkgaten 5 5059 BERGEN